

**KONTROLLUTVALET I
SANDØY KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 4. mai 2016, kl. 15.45

Møtestad: Rådhuset

Møtet vart leia av Svein Ove Søholt

Elles til stades:

Nils Erling Finnøy, Ann Elin Harnes, Elisabeth Marøy, Jan Kåre Brunvoll

= **5 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar, Harald Rogne.

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Frå kommunen møtte ordførar Oddvar Myklebust og rådmann Ann-Heidi Paulsen Orvik

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Sakene vart behandla i denne rekkefølga: 01/16, 03/16, 05/16, 04/16 og 02/16.

SAK 01/16

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 16. DESEMBER 2015

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 16. desember 2015 blir godkjent.

SAK 02/16

KONTROLLUTVALET SI ROLLE (Leiar orienterer)

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til vitande.

SAK 03/16

ÅRSMELDING 2015 – SANDØY KOMMUNE

Saksdokument datert 26.04.2016 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmelding 2015 for Sandøy kommune til orientering.

SAK 04/16

KOMMUNEREKNESKAPEN 2015 – SANDØY KOMMUNE

Saksdokument datert 26.04.2016 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

Sandøy kommune sin rekneskap for 2015 blir godkjent.

SAK 05/16

OPPFØLGING AV KOMMUNESTYRESAK PS 13/33, B-SAK

Saksdokument datert 26.04.2016 frå kontrollutvalsekretariatet

Det vart fremma forslag om å lukke møtet under behandlinga av denne saka med heimel i kommuneloven § 31 nr. 2 og 4, jf forvaltningsloven § 13 nr. 1. Ved votering vart dette samrøystes vedteke.

Rådmannen ga ei orientering og svara på spørsmål. Ho opplyste at kommunestyret sitt vedtak i PS 13/33 var oppfylt.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til vitande.

Møtet vart opna.

Svein Ove Søholt
Leiar
(sign.)

Nils Erling Finnøy
nestleiar
(sign.)

Jan Kåre Brunvoll
medlem
(sign.)

Ann Elin Harnes
medlem
(sign.)

Elisabeth Marøy
medlem
(sign.)

